

Fra: Gunnar Helleland (guhellel@online.no)

Sendt: 17.04.2018 14:21:16

Til: Bente Utne

Kopi:

Emne: Re: SV: Reguleringsplan Lundsneset-Buavikjo Kvinnherad

Vedlegg: image001.png

Hei !

Litt info om meg .

Eg er nærmaste nobo til vegen over Lundsneset, bur på Lundsneset 3. Har også litt andre eigar interesser i området.

Har prøvd å få eit svar frå Kvinnherad kommune kven som har bestemt at vegen skal vera slik den er, altså utforminga (toppen på Lundsneset).

Her er svarte frå Ordføraren i blått :

[Hei igjen.](#)

[Den høgda på vegen som er blitt no er innanfor det som er lovleg av endring innanfor gjeldande plan. Misnøye knytt til dette må rettast til Hordaland fylkeskommune.](#)

På informasjonsmøte om vegen i 2017 så svara Per Inge Naterstad meg at vegen skulle ha ein "kryl " på 1 til 1,5 m på midten. Dette var jo fornuftig, men no har den "krylen" vorte bortimot 5 m . Dette lagar jo plutselig betydeleg meir støy for oss nærmaste naboar. Er heller ikkje etter reguleringsplanen no, der står det:

Den planlagde vegtrassen ligg ein god del lågare enn dagens terrengnivå og medfører vegskjeringar mellom 3-7m. Eksisterande og planlagde bygg vil få minst 20m avstand frå senter veg. Vegskjeringar på minst 3m høgde vil fungere som naturleg støyskjerm mot tilgrensande byggeområde og vil etter vår vurdering gi tilfredstillande støyforhold i området.

No er vegskjeringa på da lågaste 2 m .

Så spørsmålet mitt er enkelt, kven har bestemt denne høgda på vegen ?

Mvh

Gunnar Helleland

Lundsneset 3

5464 Dimmelsvik

Den 17.04.2018 13:43, skrev Bente Utne:

Hei!

Det spør kva spørsmålet er.

Som du kanskje kjenner til er Kvinnherad kommune byggherre for prosjektet «Lundssvingane».

Venleg helsing

Bente Utne

Seniorrådgjevar/controller

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

Telefon: 55239060 | 91525270

hfklogo-epost3

Fra: Samferdselavdelinga - Postmottak
Sendt: 17. april 2018 13:41
Til: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>
Emne: VS: Reguleringsplan Lundsneset-Buavikjo Kvinnherad

Fra: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Sendt: 17. april 2018 09:33
Til: Samferdselavdelinga - Postmottak <samferdsel@hfk.no>
Emne: VS: Reguleringsplan Lundsneset-Buavikjo Kvinnherad

Fra: Gunnar Helleland <guhellel@online.no>
Sendt: 17. april 2018 07:58
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak <HFK@hfk.no>
Emne: Reguleringsplan Lundsneset-Buavikjo Kvinnherad

Hei !
Er det noko som kan svar på nokre spørsmål om den nye vegen på Lundsneset i Kvinnherad ?

Mvh

Gunnar Helleland